

**Avtale  
mellom  
Stord kommune (org. nr 939 866 914)  
og  
Helse Fonna HF (Org nr 983 974 694)  
om  
etablering av rundkjøring, parkeringsplassar og drift utomhusanlegg mv**

**Bakgrunn**

Stord kommune står som utbyggjar/byggherre for ny interkommunal legevakt og KAD-senger i tilknytning til Stord sjukehus. Det er inngått eigen tomtefesteavtale for eit areal på 1 500 m<sup>2</sup> på vestsida av hovudblokka, gnr 27 bnr 864. Denne avtalen regulerar tilhøva knytt til etablering av rundkjøring, parkering samt tilkomst og drift av vegar, parkeringsplassar og grøntanlegg mv.

**Eigedomstilhøve**

Helse Fonna HF eig området for tilkomstveg til nybygget og parkeringsareala (deler av gnr 27 bnr 86 og deler av gnr 27 bnr 506). Helse Fonna HF stiller arealet til disposisjon for føremåla. Helse Fonna HF står som heimelshavar til dei nemnte areala. Eigedomen gnr 27 bnr 864 har vegrett over Helse Fonna HF sine eigedomar slik det går fram av festeavtalen.

**Parkeringsplassar**

Stord kommune har etablert erstatningsparkeringsplassar samt nye parkeringsplassar ved Stord sjukehus. Stord kommune skal også legge trekkerøyr for etablering av 5 ladestasjonar på nærare anvist område.

Helse Fonna betalar 320.000 kr eksklusiv mva. for nyetablerte parkeringsplassar til disposisjon for Helse Fonna, legging av trekkerøyr og opparbeiding av areal mellom gamal og ny parkeringsplass. Stord kommune fakturerer beløpet når anlegget er ferdigstilt.


Stord kommune kan vederlagsfritt disponere totalt inntil 15 parkeringsplassar på opparbeidd parkeringsområde til bruk for pasientar, besøkande og pårøyrande til legevakt/KAD-senger, tilsette ved legevakt/KAD-senger og oppstillingsplass for ambulanse og legevaktsbil.

Stord kommune står for oppmerking og skilting av aktuelle plassar etter anvisning frå Helse Fonna.

**Tilkomstveg og venterom**

Stord kommune etablerer rundkjøring for helsebussen ved legevaktsbygget i samsvar med godkjent byggjemelding. Kommunen skal også flytte/retablere carporten i forkant av K-blokken.

Reisande med helsebussen får nytta venterom i første etasje i legevaktsbygget utan kostnad for Helse Fonna HF.



### **Avfallscontainer**

Avfallscontainer skal flyttast og det skal etablerast ein god løysing for Helse Fonna HF. Kostnader med eventuell standarheving skal dekkast av Helse Fonna HF.

### **Drift og vedlikehald av tilkostveg til legevaktsbygget og parkeringsplassar.**

Helse Fonna HF dekker kostnader med brøyting og strøing om vinteren, og feiing vår/sumar/haust av veg til legevaktsbygget og parkeringsplassar.

### **Grøntareal**

Stord kommune driftar og vedlikeheld grøntarealet innan for festa område. Grøntareal elles vert drifta og vedlikehalde av Helse Fonna HF.

### **Id-kort**

Stord kommune har eige adgangskontroll system til legevaktsbygget. For adgang til sjukehuset vil Stord kommune få tildelt eit gjestekort. Helse Fonna får tildelt eit tilvarande gjestekort til Stord kommune sitt legevaktsbygg.

### **Restavfall/risikoavfall**

Stord kommune er ansvarlig for handtering av eige restavfall/risikoavfall

### **Kommunale avgifter**

Stord kommune ber kostnadane med etablering av infrastruktur for vatn, avlaup, stium, telefoni og datakabler.

### **Fordeling av avtale**

Denne avtalen er oppretta i to (2) eksemplar, eitt til kvar av partane.

### **Tvisteordning**

Tvist om denne avtalen skal løysast gjennom forhandlingar eller ved voldgift.

Stord/Haugesund, den 30. august 2016

Magnus Mjør  
Rådmann  
Stord kommune



Olav Klausen

Adm. direktør  
Helse Fonna HF

Olav Klausen  
Administrerende direktør  
Helse Fonna HF

